



# Valle og Hylestad sokneråd

Kyrkjekontoret Sæbyggjen  
4747 Valle

Mobil: 97784706  
Valle 2021-02-01  
[post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

## MØTEBOK

**MØTEDATO:** Tysdag 26. januar kl 15.30

**MØTESTAD:** Kommunestyresalen

**Til stade:** Lisbeth D. Homme, Siri Melhus, Gudrun Sagneskar, Bente Bjørgum, Liv Bjørgum Ryningen, Knut Olav Uppstad, Ellen Jansen, Knut Hagen og prost Gunnar Ellingsen.

Knut Olav uppstad gjekk frå møte grunna at han er ugild i samband med saka som unnateke offentlegheit  
Sissel Åkre vart då med i møte.

**Frå adm. møtte:** Kyrkjesjef Sissa Ringstad

---

### DISKUSJON

- Lojalitet til vedtak gjort i soknerådet vart diskutera. Fleire av medlemene ga uttrykk for frustrasjon og at motivasjonen for å vere med i soknerådet er på eit lavmål. Rådet ønskjer at ein skal jobbe saman for kyrkjelyden og kristenlivet.
- Å stengje Hylestad kyrkje har aldri vert eit tema i Valle og Hylestad sokneråd. Slik smittevernreglane er no er det ikkje aktuelt med gudsteneste i nokon av kyrkjene.
- Medlemene i soknerådet må halde seg til den adresselista som er vedteke.
- Ønske frå soknerådet at ein legg ut noko fast på facebook, no når alt er stengd.
- Ein stor takk til Henrik for å ha ordna med opptak av gudsteneste og konsert i jola.

Førespurnad 4 Opne eller lukka soknerådsmøter  
Det er soknerådet som avgjer om møta skal vere opne eller lukka.  
Dette vert ei sak til neste soknerådemøte.

Førespurnad 5 Det pågår ein underskriftskampanje, men folk veit ikkje kva dei skriv under på  
Det er levert ei underskriftsliste, men denne skal ikkje leverast ut til soknerådet

Soknerådsleiar skal sende ei tekstmelding til Anna Rysstad og informere om at soknerådet ikkje vil svare henne meir enn det som arbeidsutvalet har sendt til Setesdølen.

SR sak 01/21 Møter framover  
Soknerådet vil ikkje ha møter, ein avventar situasjonen iht covid-19 pandemien.  
6 røyster for 1 røyst mot.

FR sak 01/21 Sak unnateke offentlegheit.

## Svar frå soknerådsleiar på førespurnad om underskriftskampanje

### KYRKJA OG PANDEMIEN.

Kvart 4. år er det soknerådsval - som det er kommuneval. Leiar for kommunestyret er ordføraren, og rådmannen er administrativ leiar. Soknerådsleiar vert vald som leiar for 1 år av gongen av soknerådet, og kyrkjesjefen er den administrative leiaren. Soknerådet har årsmøte kvart år, der årsmelding og rekneskap vert lagde fram, og medlemmane kan uttale seg.

Årsmøtet skiftar på å vere eit år i Valle kyrkje og neste år i Hylestad kyrkje.

I 2020 skulle årsmøtet vere i Valle i mars, men på grunn av nedstenging av landet, vart årsmøtet sett på vent. Revisor har i ettertid gått gjennom både årsmelding og rekneskap, og alt er i orden. Nytt årsmøte vil vi ha så snart det er mogeleg å samle bygdefolk til eit slikt møte.

Valle og Hylestad sokneråd forhold seg til smittevern-rettleiare som er utarbeidd av Kyrkjerådet i samarbeid med Bispemøtet, Kyrkja sin arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjeleg verksemd (KA) og styret i Noregs kyrkjevevjelag. Smittevern-rettleiaren ligg ute på [kirken.no/korona](http://kirken.no/korona) - frå 04.05.20 og med fleire oppdateringar, den siste frå 04.01.21.

Valle og Hylestad sokneråd og alle tilsette må forhalde seg lojalt til den.

Det var ei demokratisk avgjerdsle våren 2020 som soknerådet tok, der vi valde å flytte gudstenestene frå Hylestad kyrkje til Valle kyrkje. Heile tida har det vorte halde gravferd og dåp i båd kyrkjer. Båd kyrkjene var opne nokre timar på jolekvelden.

Gjennom smittevern-rettleiaren har vi fått dei reglane vi fylgjer: Storleiken på kyrkjeromet er viktig, t.d. kor mange har vi plass til når det skal vere 1 meter mellom kvar eller 2 meter mellom kvar, og vi må berre bruke annankvar benkerad. Berre folk frå same husstand kan sitje saman.

Vi må unngå trengsel når folk skal inn og ut av kyrkja, Valle har 3 inngongar, medan Hylestad berre har ein. Midtgongen i Hylestad kyrkje er smalare enn i Valle, og det vert fort for trangt ved nattverd. Våpenhuset i Hylestad kyrkje er trongare enn i Valle, det vert fort trengsel når vi sit der for å skrive lister over alle som skal inn. Sakristiet i Hylestad kyrkje er lite, og i desse korona-tider er det ikkje rom for at 2 skal førebu seg til messe på same tid.

Gudstenesteplanen vi hadde sett opp for 2020 hadde 17 messer i Valle og 14 messer i Hylestad, men på grunn av pandemien vart mange avlyste. Gudstenesteplanen for 2021 har alt hatt avlysingar.

I dei seinare år har soknerådet jobba fram fleire gudstenester i Hylestad kyrkje enn vi hadde for nokre år sidan.

Å påstå at vi driv med ei sniknedlegging av Hylestad kyrkje- som det vert gjort i underskriftskampanjen som er halden i Hylestad og i avisinnlegg i Setesdølen av 12.10.21 - er ei krenking av oss som tek smitte-rettleiaren for kyrkjene på alvor.

Det er flott at bygdefolket er engasjerte og glade i kyrkja si. Vi ser alle fram til at denne korona-tida er over, og at vi på ny kan fylle båd kyrkjene våre.

Akkurat no er vi inne i ein ny, stor smitteperiode, og regjeringa har gjeve oss nye strenge smitteverntiltak. Vi kan til og med ikkje besøke kvarandre privat eller ta imot besøk. Det er LIV og HELSE som gjeld! Vi har alle ansvar for å halde smitten borte. Og så langt har det gått bra i Valle kommune.

Lisbeth Dalquist Homme  
Leiar i Valle og Hylestad sokneråd

#### DUGNAD

Stiftspraktikantar: Bispedømme har fått leige ein umøblera leiligheit i Prixbygget. Vi vil møblere på dugnad torsdag 18. februar, frå kl. 13.00.

Til no har vi: Senger, salongbord, 2 korgstolar, stolar til spisebord, gardin, bestikk, servise, kjele, panne, kaffitrakter m.m.

Trur vi har det vi treng av kjøkkenutstyr. Sissel Åkre har ordna med det frå brukbutikken.

Manglar: Sofa, gardinoppheng, kjøkkenbord.

Gje melding om du ikkje kan vere med og om du kan ha noko vi manglar.